



- eit fyrtårn i vest

Tolking i offentleg sektor

Oppvekst



*Offentlige organer skal bruke tolk når det følger av lov. I tilfeller der plikt til å bruke tolk ikke er regulert i annen lov, skal offentlige organer bruke tolk når det er nødvendig for å ivareta hensynet til rettssikkerhet eller for å yte forsvarlig hjelp og tjeneste.
(Tolkeloven, 2021)*

Bruk av tolk i offentlig sektor, Øygarden kommune

Lov om offentlege organ sitt ansvar for bruk av tolk mv. (tolkelova, 2021) skal bidra til å sikre rettstryggleik, forsvarleg hjelp og teneste for personar som ikkje kan kommunisera med offentlege organ på ein forsvarleg måte utan tolk.

Det er det offentlege organet som har plikt til å vurdere om det er behov for tolk, og som skal bestille og dekke utgifter til tolkinga. Tolkelova gjeld for alle offentlege organ, dette er organ som er omfatta av forvaltingslova, domstolane, og påtalemyndigheit. Det er den unike tenestetilbydar, og den tilsette som er ansvarleg for at brukaren er sikra rettstryggleik, forsvarleg hjelp og teneste.

Sjølv om brukaren av tenesta kan ha forståing og utbytte av kvardagsspråk, vil samtalar og informasjon med spesifikt fagspråk kunne føre til behov for tolk.

Tolking for døve, døvblinde og personar med høyrselshemming

Tolkelova gjeld for tolking til og fra norsk etter § 2. Lova er og gjeldande for tolking mellom norsk tale og norsk, og andre land sine teiknspråk. Vidare gjeld den for tolking for personar med høyrselshemming eller kombinert høyrsels- og synshemming. Meir informasjon finn ein hjå NAV.

[Tolking for døve, døvblinde og hørselshemmede - nav.no](https://nav.no)

Vurdering av behov for tolk

- Har den som skal kommunisere på vegne av offentlig teneste felles språk med brukar?
- Kan tenesta kommunisere med brukaren forsvarleg utan tolk?
- Tek vi i vare brukaren sin rettstryggleik utan tolk?
- Kan brukaren medverke til å legge fram si eiga sak, behov og meiningar, utan tolk?
- Tilbyr kommunen ei fagleg forsvarleg teneste utan tolk?
- Kva føremål har kommunikasjonen?
- Uttrykkjer brukaren sjølv ønske om tolk?
- Tek brukaren sjølv kontakt med tenesta denne treng?
- Har brukaren lang, eller kort butid i Noreg?

Kvalifisert tolk

Når eit offentlig organ har plikt til å bruke tolk, skal det bli brukt kvalifisert tolk etter tolkelova §7. Den kvalifiserte tolken skal ha gjennomført eit eller fleire av dei offentlege kvalifiseringstilboda som er tilgjengeleg for tolkar. På denne måte vil tolken ha oppfylt krava som er satt til tolkar for å kunne vera oppført i Nasjonalt tolkeregister.

Lova bidreg til at tolkane skal halde ein fagleg forsvarleg standard og regulerer krav til tolken om tema som teieplikt, habilitet og god folkeskikk.

Les meir om krav til tolkar i lov og forskrift. [Krav til tolker i lov og forskrift | IMDi](#)

Kven kan ikkje vera tolk

- Det er forbod mot å bruke barn som tolk, jamfør §4.
- Ein skal ikkje nytte ektefelle, familie eller venner som tolk.

Unntak til forbodet gjeld for naudssituasjonar, eller når det kan reknast som forsvarleg grunna omsyn til brukaren/familien og omstenda jf. Tolkelova §4. Ved naudssituasjonar med fare for liv og helse, andre omstende der ein ikkje kan vente på tolk eller der andre særskilte tilhøve tilseier det kan og kravet om bruk av kvalifisert tolk fråvikast.

Overgangsperiode

Det er fram til 31.12.2026 ein dispensasjonsperiode for offentlege organ kring kravet om bruk av tolk, for at marknaden skal kunne tilpasse, og legge til rette for tilstrekkeleg tilgjenge på kvalifisert tolk. Det blir oppmoda til å bruke kvalifisert tolk i perioden fram til dispensasjonen går ut, og ha gode rutinar på bruk av tolk.

Bestilling av tolk

Øygarden kommune har inngått avtale med Tolkenett frå 1.1.24. Det er denne tenesta offentlig tilsette i kommunen skal nytte. Om det er uråd å få tak i kvalifisert tolk gjennom Tolkenett, kan ein kontakte Noricom, men det er Tolkenett som har hovudavtale med Øygarden kommune og skal nyttast i dei fleste tilfelle der det er behov for tolk. [Tolkenett nettside](#)

Opprette brukar Tolkenett

Lenkje til oppretting av ny brukar i Tolkenett. [Opprette brukar Tolkenett](#)

Fakturering

Einingane vil bli fakturert einingsvis i kommunen frå 01.01.2024. Utgiftene blir ført under 127050 Tolketenester, og budsjett blir fordelt til einingar i etterkant. Tenesta/eininga som bestiller betaler for oppdraget.

Private barnehagar tek kontakt med rådgjevar for barnehagesjef i Øygarden kommune kring bruk av tolk.

Døme på bruk av tolk i offentlig sektor

Barnehage, og skule

Barnehagar og skule skal bruke tolk ved oppfølging av barn og elevar ved fleire ulike høve. I førstesamtale, oppstart – og utviklingssamtalar, og andre saker som kan omhandle barnehage – og skulemiljø kan bruk av tolk vera påkravd. Ved samtalar kring språkopplæring, individuell tilrettelegging og spesialpedagogisk støtte vil tolk kunne vera naudsynt.

Tolk kan bli nytta ved foreldremøte, særskilt der informasjonen som blir gitt vil kunne påverke korleis foreldra kan ta i vare barnet sine interesser i skule – og barnehagekvardagen.

PP-tenesta

PP-tenesta skal nytte tolk om det er naudsynt ved samtalar i møte med minoritetsspråklege barn, elevar og familiar ved utredning, og mogleg sakkunnig uttale. Det finnest og informasjon om PP-tenesta på fleire språk, som kan bli brukt som støtteinformasjon i kommunikasjon, i tillegg til tolk.

[Spesialpedagogisk hjelp | udir.no](https://www.udir.no/spesialpedagogisk-hjelp)

Lærings- og integreringscenteret

Ved kartleggingssamtalar ved mottak flyktningar, der både helse – og busettingstenesta i kommunen er involvert vil det vera behov for tolk. Vaksne med avgrensa ferdigheiter i norsk vil kunne ha behov for tolk for å kunne få informasjon om rettar og plikter kring Introduksjonsprogrammet, Læringscenteret, førebunde opplæring og vidaregåande opplæring. Vidare kan dette og gjelde ved kartleggingssamtalar før oppstart norskopplæring.

Helsesjukepleietenesta for flyktning følger eigen rettleiar for bruk av tolk i møte med familiar som blir busett i Øygarden kommune. [Veileder tolk helsepersonell](#).

Barnevern

For at rettstryggleiken til familiar med større språkbarrierar blir teken i vare, er bruk av tolk i saker der barnevernet er involvert vesentleg. Det er utarbeida støttemateriale på fleire språk om arbeidet som barnevernet gjer, som kan nyttast i kommunikasjon med familiar som ekstrastøtte i tillegg til tolk. [Informasjon om barnevernet på andre språk | Statsforvaltaren i Rogaland](#)

Familiehjelpe

Tverrfaglege tenester som familiehjelpe der Barne- og ungdomstenesta, Landsbytenesta og Kommunepsykologtenesta er organisert skal og bruke tolk i møte med familiar, barn og unge. Ved samtalar, rettleiing, og støtte til familiar og barn og unge i kvardagen skal ein bruke tolk der det er naudsynt for å sikre rettstryggleik, forsvarleg hjelp og teneste som ikkje blir teke i vare utan bruk av tolk.

Helse - og omsorg

Helse - og omsorgstenester i Øygarden kommune brukar eigen rettleiar i kommunikasjon via tolk, grunna skjerpa personvern jf. Pasientrettighetslova. Dette vil gjelde;

- Jordmortenesta,
- Helsesjukepleiar skule og flyktning
- Helsestasjon for barn og ungdom
- Andre helsetenester organisert under Oppvekst, Øygarden kommune.

[Veileder tolk helsepersonell](#).

Andre offentlege tenester

Andre offentleg, kommunale tenester som skal gi viktig informasjon til brukarar for å sikre rettstryggleik, forsvarleg hjelp og teneste der mottakar ikkje kan norsk i tilstrekkeleg grad til å forstå informasjonen, er pliktig til å bruke tolk sjølv om tenesta ikkje spesifikt er nemnt i rettleiaren.

Ved tvil, bruk tolk

Brukaren sjølv, foreldre eller tilsette kan vera usamd i om det er naudsynt med tolk til ulike samtalar. Då kan det vera ei god avgjersle å nytte tolk. Bruk tid på å forklare grunnlaget for at samtalen inneheld viktig informasjon til brukaren som kan påverke denne direkte, eller barn den har ansvar for. Det er den unike tenestetilbydar og den tilsette som er ansvarleg for at brukaren er sikra rettstryggleik, forsvarleg hjelp og teneste.

Førebu og gjennomføre ein tolka samtale

Ein samtale med tolk vil ta lenger tid, dette betyr at den som gjennomfører samtalen må beregne lenger tid til gjennomføring av samtale. Informasjon til tolken på førehand ved t.d. særskilt sensitiv informasjon kan vera naudsynt, og informasjon til brukar om at tolk er bestilt til samtalen. Rettleiing til ein god tolka samtale finn du her; [Forberede og gjennomføre en tolket samtale | IMDi](#)

Kjelder

Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. (tolkeloven)

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-11-79/KAPITTEL_2#%C2%A76

Forskrift til tolkelova

[Lov om offentlige organers ansvar for bruk av tolk mv. \(tolkeloven\) - Lovdata](#)

IMDI

[Hva sier tolkeloven? | IMDi](#)

[Tolking i offentlig sektor | IMDi](#)

<https://www.imdi.no/tolk/ressurser-for-offentlige-virksomheter/retningslinjer-for-bestilling-og-bruk-av-tolk/>

<https://www.imdi.no/tolk/for-offentlige-virksomheter/forberede-og-gjennomfore-en-tolket-samtale/>

<https://www.imdi.no/tolk/ressurser-for-offentlige-virksomheter/hvordan-lage-egne-retningslinjer-for-bruk-av-tolk-i-din-virksomhet/>

<https://www.imdi.no/tolk/for-offentlige-virksomheter/veileder-for-bruk-av-tolk-i-tjenesteyting-til-flyktninger2/>

[Tolking for døve, døvblinde og hørselshemmede - nav.no](#)

[Bruk av tolk i barnehagen og skolen | udir.no](#)

<https://www.imdi.no/tolk/for-offentlige-virksomheter/forberede-og-gjennomfore-en-tolket-samtale/>

[Bruk av tolk i barnehagen og skolen | udir.no](#)

[Veileder tolk helsepersonell.](#)